

Klart for årets trimfest.

27.09.2017



Familien Kristoffersen under Kvinnheradsløpet 2015

**Komande søndag er det klart for det 36. Kvinnheradløpet.  
Det første Kvinnheradløpet vart skipa til i 1982 med 193 deltagarar. Sidan den gong har løpet kvart einaste år vore skipa til første søndagen i oktober.**



Fam. Haugland/Eikeland etter målgang i 2015.

Føremålet med løpet er å få folk i alle aldrar ut på tur i vakker natur. Fokus har vore på dei gåande, dei som nyt turen utan tidtaking og som gjerne stoppar opp i løypa for å prata med kjende og ukjende. Men det er sjølvsagt òg ein konkurransekasse med tidtaking for dei som vil konkurrera med seg sjølv eller naboen. Løypa er på 5,2 kilometer og både start og mål er ved Rosendal Stadion.

Kvinnheradløpet høver for alle uansett form og alder, og det er ingen problem med å ta seg fram med barnevogn. Deltakarane får saft undervegs, og alle som fullfører er med i trekkinga av gavekort, medan det vankar pengepremiar til dei som eventuelt set ny løyperekord i konkurranseklassen for menn eller kvinner. Som alltid stiller speidarane opp med steiketakke i målområdet, og sel ferske lappar.

I fjor var det Sindre Omvik som vann herreklassen føre Erlend Nymark Jensen. I kvinneklassen vann Malene Njaastad føre Marianne Korsvold.

Heilt nytt av året er det ikkje meld ein drope regn denne søndagen, så det er ingen grunn til å ikkje ta fram turskoa denne søndagen.

Rosendal Turnlag og Kvinnheringen er arrangørar av Kvinnheradløpet.

Tekst: Tomas Bruvik

Arkivfot og nett: Thor Inge Døssland